

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 226/2020

2023/EØS/70/50

av 11. desember 2020

**om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik på arbeidsplassen,
arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsdirektiv (EU) 2019/1831 av 24. oktober 2019 om fastsetjing av ei femte liste over rettleiande grenseverdier for eksponering i arbeidet i medhald av rådsdirektiv 98/24/EF og om endring av kommisjonsdirektiv 2000/39/EF⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XVIII til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XVIII til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 16j (kommisjonsdirektiv 2000/39/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32019 L 1831**: Kommisjonsdirektiv (EU) 2019/1831 av 24. oktober 2019 (EUT L 279 av 31.10.2019, s. 31).”

2. Etter nr. 16jh (kommisjonsdirektiv (EU) 2017/164) skal nytt nummer lyde:

”16ji. **32019 L 1831**: Kommisjonsdirektiv (EU) 2019/1831 av 24. oktober 2019 om fastsetjing av ei femte liste over rettleiande grenseverdier for eksponering i arbeidet i medhald av rådsdirektiv 98/24/EF og om endring av kommisjonsdirektiv 2000/39/EF (EUT L 279 av 31.10.2019, s. 31).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv (EU) 2019/1831 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 12. desember 2020, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfærd i Brussel 11. desember 2020.

For EØS-komiteen

Sabine Monauni

Formann

⁽¹⁾ TEU L 279 av 31.10.2019, s. 31.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjjevne.